

Til kommunestyret i Lesja kommune

Vi i Lesja/Dovre senterungdom meiner det er utelukkande positivt å få fjellnær friskule på Lesjaskog, og med det legge ned den offentlege barneskulen. Dette meiner vi hovudsakleg fordi ungdommar frå vestre del i bygda skal sleppe å ha opp til ein drøy times bussreise til skulen. Dette er noko vi ser på som eit problem i framtida med tanke på tilflytting. Alle fortener å ha tenester nær folk i heile kommunen. Dette er kjerna i politikken til Senterungdommen.

No som ungdomsskolen er lagt ned kan dette føre til at særleg unge som har flytta ut frå bygda for å studere ikkje har like lyst til å komme tilbake for å stifte familie. For at unge skal flytte tilbake til bygda, meiner vi at det må vere ein 1-10 skule på Lesjaskog. Lesja kommune slit allereie med ei aldrende befolkning, og det hadde vore positivt for kommunen si befolkning og framtidige tilflyttarar å ha ein 1-10 skule på Lesjaskog. Uansett om den er offentlig eller privat.

Det har vorte lenger reiseveg for alle ungdommar som tidlegare gjekk på ungdomsskule på Lesjaskog. Dette førar til at ungdommar må bruke meir av tida si på bussen, tid dei kunne brukt på fritidsaktivitetar og leksar, og med det kan ein risikere at dei sluttar på fritidsaktivitetar eller gjer det dårlegare på skulen. Målet til kommunen burde vere å sette elevane sitt velvære som fyrste prioritet, ikkje økonomien til kommunen.

Lesja kommune la ned ungdomsskolen på grunnlag av at dei måtte spare pengar. Sidan kommunen slit såpass med pengar at dette har gått utover dei unge i bygda, meiner vi at å legge ned barneskulen er positivt av to grunnar; kommunen kjem til å spare på det og Fjellnær friskule kjem til å verte etablert og dermed ivareta behovet om å ha ein barne- og ungdomsskule.

Vi i Lesja/Dovre Senterungdom meiner at skulebygget burde bli seld til Fjellnær for så lite som mogleg, helst 1 kr. Dette vil føre til at etableringa av Fjellnær friskule blir enklare. Lesja kommune vil uansett spare store summar på nedlegginga av Lesjaskog skule.

Dette er noko folket i kommunen ynskjer, det har kome fram gjennom arbeidet Fjellnær friskule har gjort. Dette er viktig for skolemiljøet og nærmiljøet til elevane. Vi i Lesja/Dovre Senterungdom støttar hermed etableringa av Fjellnær friskule.

Helsing Lesja/Dovre Senterungdom